

VALLE KOMMUNE

TROLVEGG
ARKITEKTUR | INTERIØR | PLAN

PLANOMTALE

Detaljregulering for Rysstad Sentrum - Bjugsbakk,
Valle kommune

Dato: 14.05.2024

Oppdragsnr:	R193
Versjon:	1
Plan ID:	202302
Siste revisjon:	dd.mm.åååå
Utgivningsdato:	14.05.2024
Utarbeidde:	Simon Stulien, Trollvegg
Kontrollert:	Kathrine Hesthag, Trollvegg
Andre rådgivarfirma:	Rambøll AS, skredfarevurdering

INNHALDSLISTE


1.	Bakgrunn for planarbeidet.....	4
2.	Planområdet	5
2.1.	Planavgrensing	5
2.2.	Omtale av dagens situasjon i planområdet	6
3.	Planforslaget.....	15
3.1.	Hovudgrep.....	16
3.2.	Arealbruk og reguleringsformål.....	17
3.3.	Busetnad, anlegg og tiltak	18
3.4.	Samferdselsanlegg.....	22
3.5.	Teknisk infrastruktur	24
3.6.	Grønstruktur og folkehelse.....	24
3.7.	Sosial infrastruktur	24
3.8.	Barn og unges interesser.....	24
3.9.	Landskap / kulturmiljø / kulturminne	25
3.10.	Fjernverknad	26
3.11.	Næringsinteresser	28
3.12.	Universell utforming.....	28
3.13.	Risiko- og sårbarhetsanalyse	29
3.14.	Naturmangfald	29
3.15.	Forureining og miljø	29
3.16.	Vassmiljø og vassforskriftas § 12	30
3.17.	Landbruk / dyrka mark	31
3.18.	Klima og miljøkonsekvensar	32
4.	Rammar og premisser.....	32
4.1.	Overordna føringar og planer.....	32
5.	Planprosess og medverking	34
5.1.	Oppstartsmøte	34
5.2.	Varsel om oppstart av planarbeid	34
5.3.	Medverking	40
6.	FORSLAGSSTILLARS vurdering av planforslaget	40
7.	Vedlegg	40

1. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

Trollvegg Arkitektstudio AS fremmer på vegne av Valle kommune, forslag til detaljregulering for Rysstad Sentrum - Bjugsbakk.

Det skal etablerast ei ny stavkyrkje på toppen av Bjugsbakk. Stavkyrkja vil bli ein mest mogleg sann kopi av Borgund stavkyrkje og skal plasserast på ei naturleg forhøgning i terrenget. I dag ligg Setesdalsmuseet og Setesdal bygningsvernssenter som etablerte verksemder i området, og skapar og formidlar kulturhistorie. Bakgrunnen og hovudformålet med planarbeidet er den nye stavkyrkja. Det er samstundes viktig å sjå stavkyrkja og resten av området under eitt, slik at dagens verksemder kan vidareutvikle seg, både med tanke på bygningsmasse og trafikale løysningar. Planforslaget sikrar moglegheita for å kunne flytte gamle bygg frå andre plassar til Bjugsbakk. Slike bygningar må ha eit klart føremål om formidling av kulturhistorie og/eller historisk byggeskikk.

Reguleringsplanen vil bidra til at område kan fortsetje å utvikle seg som ein viktig plass for formidling av kultur og kulturhistorie i Setesdalen.




Figur 1 Planområdet ligg på Rysstad, markert med raud runding i kartet.

2. PLANOMRÅDET

2.1. Planavgrensing

Planområdet ligg i Rysstad sentrum. Deler av planområdet grenser til Riksveg 9. Planområdet omfattar heile og/eller deler av eigedomane gnr./ bnr. 68/64, 68/95, 68/122, 136-137, 68/134, 68/294, 68/296, 68/298, 68/451 og 600/39. Planområdet har ein størrelse på ca. 46,5 daa.



Figur 2 Planavgrensinga er vist med stipla line



Figur 3 Oversiktsbilete over dagens situasjon

2.2. Omtale av dagens situasjon i planområdet


Planområdet

Området består i hovudsak av eit kulturmiljø med beiteareal, skinn vegetasjon, samt større bygningar som huser Setesdalsmuseet og Setesdal bygningsvernssenter. Ein privat eigedom (eit eldre gardstun) er og med i planområdet. Det er opparbeida nokre parkeringsplassar i forbindelse med besøkande til Setesdalsmuseet. Desse parkeringsplassane blir også nytta av andre verksemdar.



Figur 4 Eldre låve (privat eigedom) og parkering til Setesdalsmuseet. Figur 5 Inngangsporten til Setesdalsmuseet.

Eksisterande bygningsstruktur



Figur 6 Bygningar og funksjonar i- og i nærleiken av planområdet

Setesdalsmuseet

Setesdalsmuseet er eit stort og herskapeleg bygg og utgjer det største bygget som ligg i planområdet i dag. Bygget dannar ulike uterom, og byggehøgde variera mykje. Kledninga er hovudsakeleg tre i mørk farge med saltak.



Figur 7 Setesdalsmuseet.

Setesdal Bygningsvernssenter

Bygningsvernssenteret har fleire bygg. Hovudbygget, der produksjonen foregjer, er eit forholdsvis rasjonelt bygg. Saltak og gode materialar gjer likevel at bygget passar godt inn i miljøet. Utover hovudbygget, er det fleire mindre bygg. Deriblant lager og sag.



Figur 8 Setesdals Bygningsvernssenter ligg like ved Setesdalsmuseet som begge ligg inn mot heia.

Verneverdig tun i sentrum

Planområdet omfattar også en bustadtomt. Bustaden på denne tomta er nyleg restaurert, og kan så vidt skimtast bak treet i biletet nedanfor. Her er det også ein eldre låve, som skal restaurerast.



Figur 9 Bilde av privat eigedom som ligg mot Rv 9 med ein eldre låve skal restaurerast på lik linje med bustaden som skimtast i bakgrunnen.

Eksisterande struktur, estetikk, byrom etc.


Området er veldig idyllisk. Dette kjem av eit samspel mellom eksisterande bygningar, vegtrasear og ikkje minst kulturbeitet – Bjugsbakk. På kollen Bjugsbakk gjeng gras, gamle steinmurar, myr, berg og små trær og buskar om ein annan. Vegetasjonen vert halde nede av beitande sauer.



Figur 10 Bilete viser kultur-og beitelandskapet innanfor planområdet.

Eksisterande næringsstruktur

Ut i frå kartet nedanfor kan ein sjå at dagens næringsverksemd ligg konsentrert langs Setesdalsvegen/ riksveg 9, mens dei offentlege formåla ligg langs Bjugsbakkvegen inn mot heia. Kartutsnittet syner kunn ein liten del av næringa i Rysstad, som ligg noko sprett langs riksvegen. Størst tettleik er det likevel i Rysstad Sentrum og på Rysstadmonen. I sentrum er det mellom anna daglegvarebutikk og bensinstasjon. Nærmaste næring til planområdet er Hylestad Auto.



Figur 11 Kart viser funksjoner innafor og i nærleiken av planområdet.


Kulturminne

Det er ikkje registrerte kulturminne i området, men eit lite areal som ligg ved «inngangsporten» til Setesdalsmuseet er i gjeldande reguleringsplan regulert til grøntareal for å sikre «Fådapen». Fådapen er ein liten pytt (lite vatn) som dei før brukte til å bløytlegge lin og hamp. Pytten er i stor grad tilgrodd med siv/strå. Fådapen er ikkje eit registrert eller verna kulturminne, men det er likevel ønskeleg å bevare denne som eit kulturminne.

Naturkvalitetar og naturverdiar

Store deler av området består av gammalt kulturbeite og ligg registrert som «innmarksbeite» i kartdatabasar. Området er i dag ein stor kolle, omringa av jorder i aust, vest og nord, og heia i sør. Vegetasjonen vaierar i området, med berg i dagen, myr, små pyttar, gras og lyng. I dag nyttast store deler av området til beite for sau. Området nyttast ikkje til dyrking då det både er kupert og har mange fjellknauser som bergensar denne moglegheita.

Innafor planområdet er der registrert raudlistearten Grønnfink (fugl). Også fuglane Bokfink og Gråsisik ligg registrert, men desse er livskraftige artar.



Figur 12 Oversikt over jordbruksareal / dyrka mark



Figur 13 Kart over biologisk mangfald

Grøn infrastruktur

Ved Setesdalsmuseet er det etablert nokre leikeapparat. Desse ligg heilt inntil bygningsmassen.

I dag er det ein gamal sti frå gardstunet ved Rv 9 og opp til Bjuksbakk. Stien er i stor grad gjengrodd, men ein kan sjå steinar som danner ein slags sti. Bak bygningsvernssenteret går det ein tursti opp i heia.



Figur 14 Bilete av dei gamle stiane på Bjuksbakk

Sosial infrastruktur


Heile planområdet i seg sjølv utgjer ein kulturhistorisk formidlingsarena knytt til Setesdalen. Det er ikkje skule på Rysstad. Ungar må til Valle for å gå på nærmaste skule og området nyttast ikkje som skuleveg. Nærmaste barnehage ligg 2,5 km nord for planområdet

Trafikkforhold – veg, transport og kollektivtransport

Området har to åtkomstar frå Rv 9, men det er ikkje mogleg med gjennomkøyring. Vegen frå nord går til Setesdal Bygningsvernssenter, og nyttast også for dei tilsette på museet. Åtkomsten frå sentrum nyttast for besøkjande til Setesdalsmuseet. Det er ikkje fortau langs vegane i planområdet, men langs Rv 9 er det etablert gang og sykkelveg.

Nede ved riksvegen ligg det busstopp, der det går 3 bussar forbi på kvardagar, og 2 bussar på helgedagar.

Rv 9 har ein trafikkmengd med ÅDT (årsdøgntrafikk) på 1913. Det er ikkje registrert ulykker innanfor området, men litt lenger sør for planområdet er det registrert til saman 5 ulykker.



Figur 15 Kartutsnitt viser ulykke registrert sør for planområde langs Rv 9. Kilde: vegkart.atlas.vegvesen.no

Parkering

I dag er det etablert ein parkeringsplass nede mot Rv 9. Parkeringsplassen vert nytta av både museet og Hylestad Auto. Hovudvegen inn til Setesdalsmuseet går i ei rundsløyfe som nyttast til snuplass.



Figur 16 Parkering og åtkomst for besøkjande som i dag nyttas av museet.

Teknisk infrastruktur

Planområdet tek med seg 2 kryss som begge går ut til Riksveg 9. Det er særleg i høgsesong mykje trafikk på vegen. Bensinstasjonen og Coop-krysset er for mange ein naturleg stoppestad til/frå hytta.

Forureining

Forureining i grunnen

Grunnforholda er registrert med fare for radonstråling.



Figur 17 Radonkart viser høg faregrad

Støy frå biltrafikk

Langs Rv 9 ligg det ei støysone frå trafikken som rammar delar av planområdet.




Figur 18 Støysonekart langs Rv 9 (gul- og rød)


Grunnforhold

Skredfare

Deler av planområdet ligg innafør aktsemdområde for snøskred. Området ligg ikkje innafør aktsemdområde for steinsprang, men heia i sør har steinsprang-sone som ligg i nærheita av planområdet. NGI har allereie utført ei skredfarevurdering for området. Rapporten tek utgangspunkt i sikkerheitsklasse S2. Då det planleggjast for bygg i sikkerheitsklasse S3 i planområdet, er det utført ei skredfarevurdering i samband med planarbeidet. Vurderinga syner at faresona for reell skredfare ikkje kjem inn i planområdet. Temaet er vidare beskrive i ROS-analysen, og skredfarevurderinga er vedlagt som eigen rapport.




Figur 19 Aktsemdområde for snøskred



Figur 20 Aktsemdområde for steinsprang

Flaum

Ein liten del av planområde heilt i nord, ut mot Rv 9 er ramma av aktsemdområde for flaum i nasjonale kartdatabasar.



Figur 21 Aktsemdområde for flaum.

Alle arealføremål som tillét bygg vil bli liggjande utanfor flaumsona. Som NVE nemner i deira innspel til oppstart er det kunn deler av den eine åtkomsten som ligg innanfor aktsemdsområde for flaum. Det er gjort ei konkret vurdering av flaumfare, ved hjelp av prosedyre 1 i NVEs rettleiar:

Trinn 1 – undersøk om flaumfaren i tiltaksområdet er kartlagt tidlegare:

Me har ikkje funnet tidlegare kartleggingar.

Trinn 2 – undersøk om tiltaksområdet ligg innanfor NVEs aktsemdskart for flaum:

Planområdet ligg innanfor aktsemdområdet, men alle bygg ligg utanfor. Tiltaka i planen er i sikkerheitsklasse F1 og F2. Byggetiltaka ligg utanfor aktsemdområdet. Kartet utelukker flaumfaren for nye og eksisterande bygg i planområdet.

Trinn 3 – undersøk om tiltaket ligg utanfor soner for erosjon gitt i rettleiinga til TEK17 7-2 fjerde ledd:

Terrasseskråninga ligg stort sett mellom 1 og 3 meter over normalvasstand. Ein ser då på minimumsverdien for sikkerheitssone, som er 20m. Nye og eksisterande bygg har ein avstand på over 100 m til elva. Erosjonsfaren kan derfor utelukkast.

3. PLANFORSLAGET

Hovudformålet med planforslaget er å sikre moglegheit for vidareutvikling for eksisterande verksemder som skapar og formidlar kulturhistorie. Både Setesdalsmuseet og Setesdal bygningsvernsenteret har planar om utviding. Samstundes skal det etablerast ei ny stavkyrkje i området. Stavkyrkja vil bli ein mest mogleg sann kopi av Borgund stavkyrkje. På sikt er tanken også at området kan huse fleire verneverdige bygg. Saman med ei ny stavkyrkje vil området kunne fortsetje å utvikle seg som ein viktig arena for formidling av kultur og kulturhistorie.

Formålet med planen er å leggja til rette for at delområda og området som heilheit har moglegheit til å utvikla seg vidare, samstundes som dei nye tiltaka harmonerer med kvarandre.



Figur 22 Stavkyrkja på Bjugsbakk, sett mot sør-aust. Illustrasjon frå 3D-modell

3.1. Hovudgrep

Området er i hovudsak 4-delt, med eit område for museum, eit for åtkomstområde for museet, eit for bygningsvernssenteret og eit for stavkyrkje og andre verneverdige bygg. I planforslaget er det sett på utviding av dagens parkering, optimalisering av åtkomstveg, etablering av kultursti og snuplass for buss for besøkjande.

Utviklinga av området krev egna areal for dei ulike tiltaka, gode åtkomstområde og parkeringsplassar. Krav til bygningar og uteareal vil vere ulike i dei ulike delområda. Museet treng plass til moderne og gode museumslokale. Bygningsvernssenteret treng moglegheit for lagerbygningar og uteareal. Området for stavkyrkje og andre verneverdige bygg treng rom for etablering av stiar og fleksible føresegner for plassering av bygg og tilpassing til landskapet.



Figur 23 Oversikt over området med inndeling av hovudområde

3.2. Arealbruk og reguleringsformål

Planområdet er totalt ca. 46,5daa. Fordelinga av dei ulike arealformåla er synt i tabellen nedanfor.

FORMÅL	Areal (m ²)
§12-5. Nr 1 – Bebyggelse og anlegg	
1160 - Offentlig eller privat tjenesteyting (5)	30 350,5
1510 - Energianlegg	109,7
1801 - Bolig/forretning	2 387,7
§12-5. Nr 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	
2001 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (arealer)	3 321,2
2011 - Kjøreveg (4)	2 309,6
2015 - Gang-/sykkelveg (2)	395,1
2018 - Annen veggrunn - tekniske anlegg (7)	1 164,9
2019 - Annen veggrunn - grøntareal (3)	683,8
§12-5. Nr. 3 – Grønnstruktur	
3020 - Naturområde	304,3
§12-5. Nr. 5 - Landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift	
5100 - LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gårdstilknyttet næringsvirksomhet basert på gårdens ressursgrunnlag	4 572,4
5111 - Jordbruk (3)	928,6
TOTALT	46 527,9

Sjølv om det meste av området er avsett til offentlig eller privat tenesteyting, har ein velt å dela inn i mindre delområde, slik at ein kan differensiere føresegna til BYA, mønehøgde, estetikk m.m.



Figur 24 Forslag til nytt plankart for området

3.3. Busetnad, anlegg og tiltak

Bjugsbakk og ny stavkyrkje

Bjugsbakk blir fyrst og fremst området for stavkyrkja og eit område der ein ønskjer å bevare kulturlandskapet. Det vil bli behov for å etablere stiar ut til stavkyrkja, både med tanke på åtkomst for besøkjande og som åtkomst i samband med bygginga. På lengre sikt ser ein for seg at området kan huse fleire verneverdige bygg. Planen legg derfor til rette for dette.



Figur 25 Ny stavkyrkje innanfor planområde skal byggas som ein kopi av Borgund stavkyrkje, som vist på bilete



Figur 26 Illustrasjon av ny stavkyrkje på Bjugsbakk. Henta frå 3D-modell

Setesdalsmuseet

Setesdalsmuseet har planar om utviding og planforslaget sikrar denne moglegheita. Planen stiller krav til utforming av bygningar. Det er mest naturleg å utvide museet i bakkant inn mot heia, samt på austsida av dagens bygg. Området vil framleis ha personalparkering sør for museet. Det er viktig å kunne byggje med høg standard og ein ynskjer derfor å leggje til rette for meir spelerom til utforming av nye tilbygg. Det finns fleire gode eksemplar der moderne arkitektur møter tradisjonell byggeskikk. Det er likevel satt nokre begrensningar i føreseigner for å styre formspråk, fasadar og taktype.



Figur 27 Oversikt over åtkomstområdet, Bjugsbakk og museet. Illustrasjon frå 3D-modell.



Figur 28 Oversikt over museet med mogleg utviding. Illustrasjon frå 3D-modell.



Figur 29 Render av mogleg utviding laga i samband med tidlegare moglegheitsstudie for utviding av museet. Bilete: Svensson Arkitekter AS

Setesdal Bygningsvernssenter

Setesdal Bygningsvernssenter har planar om eit nytt lagerbygg heilt vest i området (til høgre i biletet). Utover dette vil det også være viktig at planen er fleksibel med tanke på utnytting av området. Slik planen er utforma nå, er bygningsvernssenterets behov ivareteken.



Figur 30 Oversikt over området for Setesdal Bygningsvernssenter. Illustrasjon frå 3D-modell.

Moglegheit for nye bygg i planområdet

Planforslaget gir moglegheit for etablering av bygningar med historisk byggjeskikk. Med dette meiner ei flytting av gamle bygg frå andre plassar som har ei historisk forankring knytt til byggjeskikk i Setesdalen, under dette; gamle lafta bygg, stabbur, våningshus, etc. Ein vil ikkje kunna tillata seg kva type som helst når det kjem til arkitektur på desse bygningane, då dei utgjer ein viktig del av miljøet rundt stavkyrkja. Flytting av gamle bygningar til Bjugsbakk vil gje moglegheit for å skapa eit unikt bygningsmiljø med samling av Setesdal-byggjeskikk. Tveitetunet gjev eit godt inntrykk av korleis type bygningar ein kan sjå føre seg. Då ein ikkje veit korleis bygg ein kan få til området, vert det heller ikkje sett krav til BYA og mønehøgde.



Figur 31 Mogleg utvikling av Bjugsbakk. Illustrasjon frå 3D-modell.



Figur 32 Bilete av Tveitetunet. Henta frå Store Norske Leksikon.

3.4. Samferdselsanlegg

Kollektivtrafikk

Planforslaget legg ikkje opp til endring- og eller nye tiltak for kollektivtrafikk knytt til Rv. 9, men hovudvegen inn til Setesdalsmuseet skal utvidast for å få betre løysning for snuplass, samt oppstillingsplass for 2-3 bussar. Dette vil vera svært gunstig for museet som vil kunne auke sitt besøktal og oppretthalde ein trafikksikker situasjon i området.

Køyreåtkomst og parkering

Hovudåtkomst er tenkt frå sentrum. Same veg som i dag. Museet og Hylestad Auto nyttar begge parkeringsplassen nede ved åtkomstvegen i dag. Dette er ikkje ei optimal løysing, då det ofte er aktivitet på museet og Hylestad Auto samtidig. Ein har derfor sett på moglegheiter for å etablere ein ny parkeringsplass i åtkomstområdet. Når den nye parkeringsplassen vert etablert, vil eksisterande parkering kunn nyttast av Hylestad Auto.



Figur 33 Illustrasjon av åtkomstområdet.

Det er sett på ulike måtar å etablere parkeringsplassar på. Begge alternativa nedanfor er moglege å etablere innanfor områda i planen.



Figur 34 Alternativ 1 – parkeringsplass



Figur 35 Alternativ 2 - parkeringsplass



Figur 36 Illustrasjon som viser parkeringsalternativ 1, sett frå Setesdalsvegen opp mot museet.

Planforslaget sikrar moglegheita for å realisera begge parkeringsalternativa. Dette gir ein fleksibel reguleringsplan som kan tilpassast framtidig behov, utan å sjå bort frå alternativ for tidleg.

Planforslaget legg opp til ein moderat auking av parkeringsplassar for å sikre trafikkssikkerheita i området og tilpasse området til eit reelt besøkstal i framtida. I skissene over er det illustrert om lag 20 vanlege p-plassar, 2 HC-plassar og 2 plassar for buss. Alle for besøkjande. Parkering for tilsette skal framleis være frå Bjugsbakkvegen.

Åtkomstvegen frå nord, som gjeng til Byggningsvernssenteret vil gå som i dag. Dersom ein ser at den nye parkeringsplassen ved Setesdalsmuseet ikkje er tilstrekkeleg, er det tenkt å nytte eksisterande parkeringsplass ved samfunnshuset som ekstra parkering. Denne parkeringsplassen er meir sporadisk i bruk, og sambruk kan dermed være ei god løysing. Dersom parkeringsplassen ved samfunnshuset skal tas i bruk, er det krav om å oppgradera krysset ut mot Rv 9.

Gangforbindelse / kultursti



Nye stiar vil anleggjast i forbindelse med museet og den nye stavkyrkja. Blant anna skal ein for å skilje aktivitet ved museet og Bjugsbakk med verksemda til Setesdal Byggningsvernssenter, etablere ein ny sti mellom samfunnshuset og museet. Stien vil fyrst fylgje vegen, og så gå rundt området for Setesdal Byggningsvernssenter. Denne stien vil fyrst være aktuell når ein eventuelt tek i bruk parkeringsplassen ved samfunnshuset. Planforslaget tek også vare på ein gamal sti som går frå det gamle gardstunet og opp til Bjugsbakk.

Figur 37 Illustrasjon av sti frå parkeringa ved Samfunnshuset

Trafikktryggleik

Planforslaget får ikkje nokre særlege konsekvensar for eksisterande samferdselsanlegg, forutan ei oppgradering av vegkryss i nord, ut på Rv9. Utforming av vegkrysset tek utgangspunkt i Statens vegvesens handbok N100. Dette vil gje betre tryggleik for bilistar og gåande/syklende som oppheld seg på gang- og sykkelvegen.

Utbetring av vegareal, snuplass for buss og fleire parkeringsplassar knytt til Setesdalsmuseet vil betra tryggleiken i området.

3.5. Teknisk infrastruktur

Overvannshandtering

Området er spreidd utbygd med mykje natur/vegetasjon, og planforslaget legg ikkje opp til nye tiltak som vil vanskeleggjer naturleg fordrøyning i området. Det er ikkje sett nødvendig å utgreia temaet vidare.

Nettstasjon

Planforslaget legg ikkje opp til store tiltak som vil krevja oppgradering av straumnettet. Dagens trafo som ligg bak Setesdalsmuseet vert regulert inn på plankart med tilhøyrande føresegner.

3.6. Grønstruktur og folkehelse

Planforslaget vil ikkje ha negativ konsekvens for grønstrukturen i området.

Området vil bli meir tilgjengeleg for allmennheita og besøkande. Dei nye stiane kan nyttast av folk i lokalmiljøet og vil kunne bidra til å styrkje gangsamband og snarvegar i området, noko som kan oppmoda til meir aktivt bruk av området.

3.7. Sosial infrastruktur

Planen legg ikkje til rette for ny bustadutbygging og vil ikkje gje konsekvensar for eksisterande sosial infrastruktur.

3.8. Barn og unges interesser

Området er ikkje teke i bruk av barn og unge til leik, for utanom besøkande til Setesdalsmuseet som har eit lite leikeområde ved inngangen til museet. Det vil framleis være leikeområde i området etter at utvidingar og åtkomstområde er ferdig, men det kan hende dei blir flytt noko. Ein ynskjer at nye tiltak innanfor området skal bidra til meir bruk for barnefamiliar, skular og andre, ved å gjera området meir attraktivt og tilgjengeleg gjennom ein reguleringsplan. Nye stiar kan nyttast som snarvegar for barn og unge som bur i nærområdet.

Det er vurdert at planforslaget ikkje medfører behov for erstatningsareal til barn og unge jf. rikspolitiske retningslinjer for å styrkja interessene til barn og unge i planlegging.

3.9. Landskap / kulturmiljø / kulturminne

Landskap:

Planforslaget har eit tydeleg mål om at området skal opplevast så naturleg som mogleg. Både på areala der ein ønskjer minst mogleg inngrep i terrenget, og i areala der ein må gjere terrenginngrep.

Arealet som vil endrast mest med omsyn til terrenginngrep, er åtkomstområdet. I dag er vegen bratt, og det er ikkje parkeringsplassar. Gjennom planen ønskjer ein å legge til rette for parkeringsplassar for bilar og bussar, og ein ønskjer å gjere området meir tilgjengeleg med omsyn til stigning på vegar/ stiar. Dette krev terrenginngrep i store delar av åtkomstområdet. Høgdeforskjellane mellom nytt og eksisterande terreng er samstundes ikkje særleg store. Illustrasjonane som er vist går omtrent i 0 på massebalanse.

Både i området for museet og bygningsvernssenteret vil det bli behov for terrenginngrep med omsyn til utvidingar og nye bygg. I desse områda kan dette etablerast på ein naturleg måte.

På Bjugsbakk ønskjer ein minst mogleg terrenginngrep. Ein må likevel gjera noko. Deriblant må ein etablere stiar for å få åtkomst til stavkyrkja. Ein må etablere eit fundament for stavkyrkja, og ein må ha ein åtkomst til stavkyrkja som kan nyttast under bygginga. Dersom ein får fleire bygningar til Bjugsbakk, vil desse tilpassast til terrenget på ein god måte. Dette vil vere bygningar med steinmurar eller steinar som fundament, som krev lite terrenginngrep for å etablerast, då det er kort veg til fast fjell.



Figur 38 Illustrasjon som ein mogleg utforming av området.

Kulturmiljø og kulturminne

Planforslaget vil ikkje råke kulturminne i området. Omsynssona for kulturmiljø i gjeldande plan for det gamle gardstunet som ligg mot Rv 9, er endra. Omsynssona er gjort mindre langs åtkomstvegen til museet. Samstundes er omsynssona utvida opp mot Bjugsbakk.

Innskrenkinga ved åtkomstvegen er nødvendig med omsyn til utforming av åtkomstområdet. Dette gjer at ein kan trekke vegen nærmare Bjugsbakk, og dermed slake ut vegen utan unaturlege høgdeforskjellar mellom veg og sideareal. Det gjer det også enklare å etablere nye parkeringsplassar. Areal som blir råka består av plen og gruslagde parkeringsplassar i dag. Eksisterande bygningsmasse vil ikkje bli råka.

«Fådapen» vidareførast og sikrast som grøntareal i planen. Grensene er justert noko frå gjeldande plan, etter ny innmåling.

3.10. Fjernverknad


Både Setesdalsmuseet og Bygningsvernsenteret ligg inn mot heia, mens sjølvve stavkyrkja vil ligge eksponert og få ei synleg plassering, slik mange av de dei opphavlege kyrkjene blei plassert i gamle dagar. Stavkyrkja vil ligge på ein naturleg forhøgning i terrenget. Kyrkja vil ligge synleg frå riksvegen, spesielt når du kjem nordfrå og skal sørover.



Figur 39 Fjernverknad frå Riksveg 9. Sett mot sør.



Figur 40 Fjernverknad parkeringsplassen ved Coop.



Figur 41 Fjernverknad frå Riksveg 9. Sett mot nord. Hylestad kyrkje til høgre i biletet.

Sol og skugge

Sjølv om stavkyrkja er høg, vil ho i liten grad påverke sol- og skuggeforhold. Dette kjem delvis av at arealet fort blir lite når ein beveg seg opp i kyrkja. I tillegg er fjella høge på begge sider av dalen. Dette gjer at dei lengste skuggane frå kyrkja, blir «skugga» av skugga frå fjella.

Nedanfor er det vist sol- og skuggeverknad frå tre ulike tidspunkt. Det er hovudsakeleg Bjugsbakk som får skugge frå stavkyrkja. Sentrum blir meir eller mindre uberørt. Dette då det er Rysstadåsen som dannar silhuetten mot vest. Eksempelvis går sola bak Rysstadåsen like etter kl. 15:30 20. mars. I ettermiddagssola i dei lysare månadane kastar stavkyrkja noko skugge på parkeringsplassen ved Hylestad Auto, samt jordet som ligg aust for Bjugsbakk.



Figur 42 Sol- og skugge. 20. mars kl. 12:00



Figur 43 Sol- og skugge. 23. april kl. 19:40



Figur 44 Sol- og skugge. 14. juni kl. 21:00

3.11. Næringsinteresser

Planen bidrar til at eksisterande næringsverksemd kan vidareutvikle seg. Samstundes vil planen leggje opp til etablering av ei ny stavkyrkje og moglegheit for etablering av fleire verneverdige bygg. Dette vil bidra til at Rysstad får eit større tyngdepunkt i Setesdalen som ein viktig kulturhistorisk formidlingsarena.

3.12. Universell utforming

Planforslaget opnar for å gjere uteareala betydeleg meir tilgjengelege med omsyn til stigning på gangvegar, og sett krav til maks 5% stigning frå HC-parkering til museet til stavkyrkja.

Utover dette er det velt å ikkje setje krav til stigning i planen, då dette kan føre til større terrenginngrep enn ein ønskjer på Bjugsbakk.

3.13. Risiko- og sårbarheitsanalyse

Det er i planarbeidet utarbeidd ein ROS-analyse. ROS-analysen avdekte 3 forhold:

TEMA	VURDERING	TILTAK I PLAN
Skred (snøskred /steinsprang)	Kartleggje områder utsett for skred	Reell faresone er utgreidd. Faresona for S1, S2 og S3 kjem ikkje inn i planområdet
Veg og trafiksikkerheit	Sikre tilstrekkeleg sikt i vegkryss	Siktsone er lagt inn i planforslaget
Høgspenline	Etablere tilstrekkeleg sikkerheitssone til høgspenline	Faresone er lagt inn i planforslaget

Ros-sjekkliste kan lesast i sin heilskap som eige vedlegg.

3.14. Naturmangfald

Planforslaget er vurdert opp mot Naturmangfaldlovenes §§ 8 – 12.

- §8 Kunnskapsgrunnlaget.

Artsdatabanken viser treffpunkt på 1 sårbar fugleart (Grønnefink). Denne er registrert som raudlisteart. Også fuglane Bokfink og Gråsisik ligg registrert, men desse er livskraftige og er ikkje ein trua art. Treffpunktet må er truleg generell geografisk lokalisering og treng ikkje nødvendigvis å knytast direkte til planområdet.

- §9 Føre-var prinsippet

Planforslaget legg ikkje opp til stor fortetting i område og ein vurderer at arten ikkje vil bli direkte råka.

- §10 Samla belastning

Tiltak i planen vil ikkje gi nemneverdig negativ innverknad på biologisk mangfald.

- §11 Kostnader

Kostnadene blir borne av tiltakshavar.

- §12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Det blir ikkje lagt opp til spesielle teknikkar eller driftsmetodar for dette prosjektet. Planen legg til rette for at ein framleis kan ha beitedyr i området, slik at kulturbeitet kan oppretthaldas.


3.15. Forureining og miljø

Det er god luftkvalitet i Rysstad og planforslaget endrar ikkje på dagens situasjon. Riksveg 9 er ei støykjelde, men støy langs Rv 9 har ikkje konsekvensar for tiltak foreslått i planforslaget. Planen legg ikkje opp til etablering av støyande verksemder.

Grunnforholda er registrert med fare for radonstråling. Dette sikrast ved å følge tekniske forskrifter når ein skal byggje i området.

3.16. Vassmiljø og vassforskriftas § 12

Planområdet ligg innanfor markert område for vannkategori – grunnvatn, som er definert som ein vassførekomst iht vassforskrifta. Området dekker dalbotnen langs Otra frå Mone/ området ved Brokke kraftstasjon i nord, til Ose i sør.



Figur 45 planområde ligg under skravur knytta til Rysstadbassenget, kjelde Vann-nett.no

Planområdet grensar ikkje inntil sjølve vatnet og det leggjast ikkje opp til tiltak som medfører utfylling i elva. Hovudintensjonen med vassforskrifta er å vurdere om ein vassførekomst blir ramma som følgje av nye tiltak, og om ein tek omsyn til vassmiljø og dei miljømåla som er fastsette.

I samsvar med vassforskrifta § 4 skal overflatevatn vernast mot degradering og på sikt skal vassførekomsten ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand.

Det har vorte innhenta informasjon om tilstanden til grunnvassområdet Rysstad (vann-nett.no) og vurdert om planlagt utbygging på land, kan medføre ei degradering av tilstanden til vassførekomsten, eller forhindre at vassførekomsten når miljømåla.

Rysstad inngår i Agder vassregion. Miljømål er registrert som «god», økologisk og kjemisk. Det er ikkje vurdert kvantitativ eller kjemisk risiko for at miljømåla ikkje blir nådde. Kvantitativ og kjemisk tilstand er sett som «god».

Vurdering av om vassforskrifta § 12 i forskrifta kjem til bruk:

Rettleiar for vassforskrifta viser til at det må vurderast om vilkåra i §12, første ledd a) eller b) er oppfylt:

- a) Nye endringar i dei fysiske eigenskapane til ein overflatevassførekomst eller endra nivå i ein grunnvassførekomst.

Valle kommunes kommentar: Planområdet ligg på eit høgdedrag i grunnvassområdet, der store deler av areala enten allereie er nytta til veg eller bygningar, eller har mykje berg i dagen. Nye tiltak vil ikkje endre på vannvegar. Området ligg i utkanten av grunnvassområdet, utan moglegheit til å drenere bort grunnvatnet. Det vurderast dermed til at tiltaka i planen ikkje vil endra nivået i grunnvassførekomen.

b) Ny berekraftig aktivitet som medfører degradering i miljøtilstanden i ein vassførekomen frå svært god tilstand til god tilstand.

Valle kommunes kommentar: Planforslaget legg ikkje opp til forureina verksemdar eller anna verksemd som inneber endringar i fysiske eigenskapane til vassførekomen. Sjansane for at det kan komma forureining frå planområdet i byggjefasen blir rekna som svært liten.

Det er på bakgrunn av dette vurdert at vassforskrifta § 12 i forskrifta ikkje kjem til bruk i denne planen, då ny verksemd ikkje forringar tilstandsklassen i vassførekomen eller medfører at miljømåla i §4- §7 ikkje blir nådde.

3.17. Landbruk / dyrka mark

Aust i planområdet er det noko areal med dyrka jord (innmarksbeite). Areal for dyrka jord som blir råka av denne reguleringsplanen i aust utgjer om lag 2daa (markert med kvit linje i biletet til høgre). Desse areala er allereie regulert til byggjeføremål i gjeldande planar, og er ikkje i bruk som jorder.

Omsynet til landbruksjord har vært eit viktig tema i samband med vurdering av åtkomst og nye parkeringsplassar. Ein har både sett innanfor og utanfor planområdet for moglegheiter. Landbruksareala innanfor planområdet i aust, er anten beite, parkeringsareal, grøntområde som ikkje er i bruk, eller plen. Alle er dei svært oppstykkja, og er ikkje ein del av samanhengande landbruksareal som vert slått. På bakgrunn av dette, blei det derfor vurdert at det var moglegheiter for å nytta deler av desse areala. Alternativer blei samstundes vurdert.



Figur 46 Flyfoto med dyrka mark markert



Figur 47 Foto av eksisterande åtkomstområde med omtrentleg avgrensing av dyrka mark

Innanfor planområdet er eit av alternativa i aust (med same åtkomst som i dag) å sprengje seg inn i fjellet/ Bjugsbakk med ei skjering. Dette er vurdert som svært uheldig med omsyn til kulturlandskapet. Ein kunne også lagd ein parkeringstunell. Dette svarer seg likevel ikkje økonomisk.

Dei andre alternativa innanfor planområdet er dermed med åtkomst frå Bjugsbakkvegen. Dei tilgjengelege areala her er primært ein del av kulturbeitet. For å få ein oversikteleg trafikkflyt vil ein her trenge svært store areal til veg og parkering. Ein vil også snu rundt på heile museet med kva som er åtkomstområde for besøkande og kva som er åtkomst for dei tilsette. Ein har vurdert at ein ny parkeringsplass med åtkomst frå Bjugsbakkvegen ikkje er ynskjeleg med omsyn til dagens drift og kulturmiljøet.

Utanfor planområdet er det meir eller mindre kunn jorder som ikkje allereie er i bruk til bustadar, næring og infrastruktur innanfor rimeleg avstand. Skal ein utvikle Rysstad vidare er ein nøydd til å omdisponere dyrka mark. Innanfor planområdet er landbruksareala «heldigvis» oppstykkja og meir eller mindre ikkje i bruk.

Sjølv om ein helst skulle sett at ein ikkje råka noko landbruksareal eller dyrkbar mark, er planforslaget vurdert som ei god løysing, og ei nødvendig løysing for etablering av stavkyrkja og vidareutvikling av eksisterande verksemder.

3.18. Klima og miljøkonsekvensar

Planforslaget mogleggjer vidare utvikling for eksisterande bedrifter og verksemder. Dette kan bidra til at fleire kan jobba lokalt. Planforslaget opnar opp for å kunna flytte gamle bygg frå andre plassar. Dette gir moglegheit for gjenbruk av gamal bygningsmasse og samtidig at ein tek vare på den tradisjonsrike byggjeskikken som finnes i Setesdal.

4. RAMMAR OG PREMISER

4.1. Overordna føringar og planer

Rikspolitiske planretningslinjer og føringar som er særleg relevante for planarbeidet:

- Rikspolitiske retningslinjer for styrking av barn og unges interesser
- Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442/2021.
- Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging (T-1520/2012).

Aktuelle lover

- Plan- og bygningsloven
- Naturmangfaldlova (§§8-12)
- Folkehelseloven

Regionale planer og føringar

- Regionplan Agder 2030


Målet med regionplanen er å utvikle Agder til ein miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig region i 2030 – eit attraktivt lågutsleppsamfunn med gode levekår. Regionalplanen har fleire mål, blant anna er kultur og verdiskaping viktige hovudsatsingsområde fram mot 2030.

Planforslaget bidrar til at forvaltning av kulturarv i indre bygder styrkar den regionale identiteten og stoltheita. Ny bruk og gjenbruk av verneverdige bygg bidrar til god klima- og miljøforvaltning og museum er viktige arena for formidling av historia til regionen og bygda.

Kommuneplanens arealdel for Valle kommune 2016 -2028

Området er i kommuneplanen ikkje avsett med noko formål, men detaljeringssone «reguleringsplan skal fortsatt gjelde». Bjugsbakk er avsett med omsynssone H570 – bevaring kulturmiljø. Delar av planområdet blir råka av faresone for skred.

Planforslaget samsvarar med overordna plan.



Figur 48 Utsnitt av gjeldende kommuneplan

Gjeldende reguleringsplanar


To eksisterande reguleringsplanar blir råka av nytt planforslag. Nytt planforslag vil erstatta delar av desse planane.

Reguleringsplan for Rysstad, 18.03.1992


*Detaljregulering for Rysstad sentrum – Hylestad
Auto, 22.06.2021*

Formål som blir berørte: Offentleg bebyggelse, offentlig tenesteyting, naturområde, køyreveg, jordbruk

Formål som blir berørte: Offentleg eller privat tenesteyting, bustad/forretning, BAA (kombinert formål), vegareal



Figur 49 Utsnitt frå gjeldande plan



Figur 50 Utsnitt frå gjeldande plan

5. PLANPROSESS OG MEDVERKING

5.1. Oppstartsmøte

Oppstartsmøte vart halde 21.09.2023 (*Feil dato i oppstartsmøtereferat og varslingsbrev*) Det kom fram at planforslaget vil samsvara med overordna plan.

5.2. Varsel om oppstart av planarbeid

Varselet om oppstart ble sendt 03.10.2023, og annonsert i Setesdølen 05.10.2023, med frist for merknader 02.11.2023.

Under følger en oppsummering med samandrag av merknader, samt kommentarar til kvar merknad.

Statsforvaltaren i Agder

Innspelet datert 03.11.2023

Me ser at store delar av areala avsett til tenesteyting i gjeldande plan er areal med dyrka jord, innmarksbeite. Det er noko areal med fulldyrka jord aust i planområdet. Me syner til den seinare tids innskjerping av jordvernomsynet. Dyrka jord er ein knapp ressurs og jordbruksareala er også under sterkt press i form av nedbygging og omdisponering til andre føremål. Det har difor den seinare tid vert ein stadig innskjerping av jordvernomsynet for å unngå omdisponering av dyrka jord, inkludert fleire revisjonar av nasjonal jordvernsstrategi. Senast 16. juni 2023 vedtok Stortinget ny nasjonal jordvernsstrategi kor målet for omdisponering av dyrka jord vert skjerpa frå maksimalt 3000 dekar (målet frå 2021) til maks 2000 dekar pr år. Målet skal nåast innan 2030.

Det siste jordvernsvaret vart gitt ut 23. mars 2022 frå Landbruks- og matdepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet til kommunar og fylkeskommunar. Dette tydeleggjer at bevaring av dyrka jord er ein nasjonal interesse. I brevet understrekar rolla til kommunen i å føra ein streng jordvernspolitik, og dessutan å tilbakeføra urealiserte byggeområde i planar som beslagleggja dyrka jord til LNF-formål.

På bakgrunn av dette rår me ifrå at det leggjast til rette for tiltak på dyrka jord.

Om kommunen likevel planlegg med tiltak på areala med dyrka jord bør dette vere reversible tiltak som ikkje hindrar framtidig matproduksjon på areala eller som eit minimum ikkje er til hinder for framtidig matproduksjon av restareal. Me tilrår at det som del av høyringdokumenta ved offentleg ettersyn av planen inngår ein plan for handtering av matjord, ein såkalla matjordplan. I matjordplanen bør det stillast krav om at matjorda flyttast og gjenbrukas til matproduksjon, primært nærare planområdet. Det er viktig at slik matjordflytting planleggast godt og at resultatet blir ein jordforbetring i form av ein reell auke i avling.

Me registrerer at delar av området er rasutsett. Med det legget me til grunn at NVE har fått tilsendt melding om oppstart for innspel.

Utover dette ber me om at følgjande vert vurdert og gjort reia for i det vidare planarbeidet:

- Klima- og energiplanlegging, jf. pbl § 3-1 første ledd bokstav g). Sjå m.a. Miljødirektoratets rettleier: <https://www.miljodirektoratet.no/myndar/arealplanlegging/miljohensyn-iarealplanlegging/klima/klimagassutslepp/>
- Folkehelse, jf. lov om folkehelsearbeid § 4.
- Støy, sjå retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442/2021.

- Luftkvalitet, sjå retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging (T-1520/2012).
- Estetisk utforming/landskapsestetikk, jf. pbl. § 1-1 femte ledd.
- Universell utforming, jf. pbl. § 1-1 femte ledd.
- Oppvekstvilkåret til barn og unge, herunder trygg framkomme til barnehage, skule og andre aktivitetar, og dessutan leikeareal som er tilfredsstillande med omsyn til trygging, omfang og lokalisering, jf. pbl. § 1-1 femte ledd og rundskriv om barn og planlegging T-2/2008.
- Risiko- og sårbarhetsanalyse. Resultatet frå analysen skal innarbeidast i plan og avgjerder, jf. pbl. § 4-3. Vegleiaren «Samfunnstryggleik i arealplanlegginga til kommunen – metode for risiko- og sårbarhetsanalyse i planlegginga» (DSB/2017) blir anbefalt. Klimaendringar/klimatilpasning skal òg belyst i ROS-analysen, sjå i denne samanhengen m.a. www.klimatilpasning.no.
- Prinsippa i naturmangfaldslova §§ 8 til 12, jf. § 7.
- Vassforskrifta § 12.

Kommentar frå Valle kommune:

Dyrkbar jord:

Areal for dyrka jord som blir råka av denne reguleringsplanen fragmentert og små, og består av beite, veggroft, unytta areal/ grøntareal, gras på tomt og berg/ kratt. Volumet er også så lite, at det er lite truleg at det blir noko særleg med overskot når nye fyllingar er blitt kledd med jord. På bakgrunn av dette vurderast det ikkje som nødvendig med matjordplan.

Areal er allereie regulert til byggjeføremål. Temaet er ytterlegare vurdert i eigne punkt i planomtalen, kor ein mellom anna har sett på alternative plasseringar av parkeringsplassar.

Rasfare:

Det er i planarbeidet utarbeid ein eigen fagrapport med kartlegging av rasfare innanfor planområdet. Innspelet er vareteke.

Andre utredningstema:

Planforslaget har klargjort samtlige tema som er nemnt av Statsforvalter.

Agder Fylkeskommune

Innspel datert 01.11.2023

Nyare tids kulturminne

I kommuneplanen sin arealdel er planområde avsett med detaljreguleringssone «reguleringsplan skal framleis gjelde» og merka med omsynssone «bevaring kulturmiljø» (H570_04). I gjeldande reguleringsplan er planområde regulert til føremål offentleg bebyggelse, tenesteyting, bustad/forretning, kombinert føremål, veg, gang-/og sykkelveg og jord og skogbruk.

I det vidare arbeidet er fylkeskommunen oppteke av sikring av bevaringsverdige objekt, bygg og landskap som kan bli råka av dei framtidige planane med utvikling av området. Det gjeld både verneverdige objekt innanfor og i tilgrensande område rundt museumsanlegget og bygningsvernseteret.

Vi vil særleg syne til det gamle og godt bevarte Bjugsbakk gardstunet med tilhøyrande landskap (privat eigd gnr/bnr 68/451). Tunet ligg sentralt på Rysstad og består av Stogehus frå 1800-talet, eldhus frå 1700-talet, setesdalsloft oppført i perioden mellom 1602-1620, løe frå 1673 og ein eldre ruin etter

mindre bygg revet i 1947. Før 1880-åra stod bygningane oppe på sjølve Bjugsbakk, der sjølve Setesdalsmuseet er i dag.

I oversendinga går det fram at det er eit ønske om at planen legg opp til fleksible føringar når det gjeld plassering av nye bygg og tilpassing til landskapet. Sidan det er snakk om nye bygningar innanfor eit område som er avsett til bevaring kulturmiljø er vi usikre på om ein fleksibel plan gir de føringane som er nødvendig for å ta vare på verdiane innanfor området. Føresegn/byggegrenser av meir generell karakter kan fort bli tolka feil, og lagt til grunn for vidare anleggsarbeid som kan få ein negativ verknad for verneverdige kulturminne. Bjugsbakk er vitne den gamle bondekulturen som kan spores lengre tilbake i tid enn dei fleste andre bygningane i området. Det er ynskeleg at det blir teke særleg omsyn til Bjugsbakk gardstunet og opplevinga av den nye stavkyrkja.

Fylkeskommunedirektøren er positive til at det blir lagt opp til nye museumsbygg, stiar og betre åtkomst- og parkeringsløyising. Vi vil gi fagleg råd om at det kontrasterande uttrykk som ikkje vidareførar kulturmiljøet sine kvalitetar blir unngått. Vi gir råd om at området sin eigenart, lokal byggeskikk og kulturminneverdiar blir premissgivande for arbeidet. Ivaretaking av desse verdiane må både baserast på bevaring av eldre kulturlandskap, og ved at man i samband med nye tiltak vidareførar dei eigenskapane og kvalitetane som kjenneteiknar det historiske miljøet. Med kvalitet meiner vi materialar med varigheit, god formgiving, bygningsteknisk detaljering og god handverksmessig utføring. Dei nye bygningane og anlegga skal ikkje vere ein svekking av kulturmiljøet sin verdi og integritet. Moderne uttrykk kan akseptierast om det blir teke tilstrekkeleg omsyn til verneverdige objekt, miljø og landskap som ligg innanfor planområde, og kan bli råka av den framtidige utviklinga av området.

Eit byggeprosjekt som grensar mot ein verneverdig bygning eller bygningsmiljø kan forringe opplevinga av dette. Vi ber om at planområdet som heilheit blir avsett med omsynssone bevaring kulturmiljø (H570).

Reguleringsplanen må ha føresegn som sikrar at den eldre bygningsmassen blir teke i vare. Krav til forvaltning av byggetiltak kan godt være ulike innanfor de ulike delområda, som også er føreslått i oversendinga. Dette vil vi kome tilbake til ved vurdering av planforslaget.

Tiltak som råker ved bygningar og bygningsmiljøet omfatta av omsynssoner kulturmiljø må forholde seg til verneverdig bygningar på ein måte som tek i vare omsynet til byggehogder, målestokk, uttrykk og møtet mellom gammalt og nytt.

Føresegna må innehalde krav om at alle bygge/rivesøknader innanfor omsynssona blir sendt til Fylkeskommunen som regional kulturminnevern myndigheit for uttale, dette gjelder også ombygging og bruksendring av eksisterande bygg. Føresegna må også ha krav om materialbruk og utforming.

Arkeologi

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne innanfor planområde.

Kommentar frå Valle kommune:

Nyare tids kulturminne og fleksible føresegner:

Som Fylkeskommunen uttaler det det viktig å bevare kulturmiljøet. Planen søker å sette føringar for ei terrengtilpassa utvikling som også tek omsyn til kulturmiljøet. På nåverande tidspunkt veit ein ikkje kor mange verneverdige bygningar som kan komme til Bjugsbakk, og ein veit ikkje fotavtrykket på dei. Strengte føringar kan derfor føre til større terrenginngrep, og andre utfordringar med å flytte bygningar til området.

Arkitektur:

Det er i planforslaget gjort ei gradering av dei ulike områdene, om kor stramme føresegna skal vera. Me meiner det er viktig med ei slik gradering. Målet med planen er å sikre utvikling av området, samstundes som ein gjer det i harmoni med kulturmiljøet.

Område rundt stavkyrkja (o_T3) og den gamle garden (B/F) har strengare føresegn knytt til nye tiltak. For Setesdalsmuseet og Bygningsvernssenteret er det viktig å kunne byggja etter dagens standard og her ynskjer ein å leggje til rette for meir spelerom til utforming av nye tilbygg.

Føresegner for vedlikehald:

Det er i føresegna til planen lagt inn at krav om at alle bygge/rivesøknader innanfor omsynssona blir sendt til Fylkeskommunen som regional kulturminnevern myndigheit for uttale, dette gjelder også ombygging.

Arkeologi:

Ok, tas til orientering.

Statens Vegvesen

Innspel datert 31.10.2023

Uttalar seg til planarbeidet som vegeigar av riksveg 9, nabo og statleg fagmyndigheit med sektoransvar innanfor vegtransport. Med utgangspunkt i kartutsnitt «Figur 1: Grov oversikt over arealdisponering..» frå «Informasjon om planarbeidet»:

Hovudåtkomst:

For at alle trafikantar skal kunne ferdes trygt er det viktig at frisktsonene i alle kryssområda haldast opne, og er utforma i tråd med krava i handbøkene til Statens vegvesen. Det er viktig at dagens frisktlinjer vidareførast, og synleggjerast i ny reguleringsplan, og evt. oppdaterast ved omlegging av vegen.

Åtkomstområdet:

Vet etablering av parkeringsplassar, spesielt med tanke på større køyretøy, er det viktig at det avsetjast nok areal for manøvrering til at bussar og større køyretøy kan snu inne på området slik at det ikkje blir nødvendig å rygge ut på riksvegen. Det bør også opprettast nok plass for snødeponering inne på eigedomen vinterstid slik at snødeponeringa ikkje kommer i vegen for manøvreringa.

Mogeleg ekstra parkering, og vegkryss rv. 9/Bjugsbakkvegen:

I punkt 2 i «informasjon om planarbeidet» står det under «ekstra parkering» at «...det vil vere aktuelt å sjå på sambruk av eksisterande offentlege parkeringsplassar ved samfunnshuset..» Likevel er ikkje dette arealet teke med i planområdet. Det vil vere naturleg å utvide planområdet til også å omkranse denne parkeringsplassen.

Planområdet innlemmar også vegkrysset mellom Bjugsbakkvegen og Rv. 9, med tilhøyrande frisktareal, men det nemnast ikkje noko om dette krysset. Statens vegvesen har vurdert krysset, og dette bør utvidast da det er særst truleg at trafikken inn på området vil auke.

Det står i dag oppført ein provisorisk mur av betongsteinar på vårt sideareal for gang- og sykkelvegen. Disse må fjernast da det er viktig at vi har nok plass for snørydding i vinterhalvåret. Plasseringa på steinane kan i tillegg også utgjere trafikkfarlege situasjonar, spesielt med tanke på syklistar.

For å sikre frisisiktarealet, både til gang- og sykkelvegen og bilvegen, ber vi om at det på den delen av parkeringsplassen som ligg i frisisiktsonen opprettast ei trafikkøyslik at ein unngår at bilar eller busilar parkerer her.

Kommentar frå Valle kommune:

Hovudåtkomst:

Siktsonene er ivareteke. Vegkrysset i sentrum får vidareført siktsoner. Ein har velt å ikkje legge inn heile krysset i denne planen, då krysset ligg inne i ein forholdsvis ny plan allereie. For vegkrysset i nord er det gjort ei justering av vegkrysset og det lagt inn siktsoner ved krysset til Bjugsbakkvegen.

Åtkomstområdet:

Det er avsett nok areal til å sikre gode snu moglegheiter for bussar. Snøopplag er også ivareteken i planforslaget.

Mogleg ekstra parkering ved vegkryss i nord (Rv. 9/Bjugsbakkvegen):

For kommentar knytt til parkering ved samfunnshuset så er området allereie i bruk som parkering, og er eigd av kommunen, er det ikkje sett som naudsynt å detaljere dette området meir.

Vegkrysset i nord (til Bjugsbakkvegen):

Vegkrysset ut mot Rv 9 er i planforslaget utbetra og justert med tilhøyrande siktlinjer jf. Statens vegvesens handbok.

Noregs vassdrags- og energidirektorat, NVE

Innspelet datert 26.10.2023

Skred i bratt terreng

NVE Atlas og NVEs kartbaserte rettleiing for reguleringsplan nr. 9, viser at deler av planområdet ligg innanfor aktsemdområde for snøskred. Vi viser til det som står i punkt 6 i dokumentet *Informasjon om planarbeidet* om skredfare. Vi er samde i at området må vurderast for tiltak i sikkerheitsklasse S3. Reell fare for skred må vere avklart og tryggleiken dokumentert, jf. aktuell sikkerheitsklasse i TEK17 § 7-3, før planen blir vedteken.

Skredfaren må vurderast av fagkyndig. For rettleiing om krav til kompetanse, bestilling og utføring av skredutgreiing, viser vi til NVEs digitale rettleiar om utredning av skredfare i bratt terreng.

Flaum

NVE Atlas og kartbasert rettleiing for reguleringsplan nr. 6, viser at deler av tilkomstvegen kan vere flaumutsett.

Det må gjerast ei konkret vurdering av mogleg flaumfare. Til hjelp for vurderinga viser vi spesielt til prosedyre 1 (punkt 4.1) i NVEs rettleiar 3/2022 «Sikkerheit mot flaum». Her kan tiltakshavar/kommunen sjølv gjere vurderingane. Vurderingane skal vere dokumenterte og mogleg å etterprøve. Når flaumfaren for eit plan- eller tiltaksområde ikkje kan utelukkast etter prosedyre 1, må flaumfaren utgreiast etter prosedyre 2 (punkt 6.3). Vurderingar etter prosedyre 2 krevjar hydrologisk og vassdragshydraulisk kompetanse (sjå punkt 6.1).

Kommentar frå Valle kommune:

Skred:

Skredfarevurdering er utført for S1, S2 og S3. Rapporten er utført av Rambøll AS. Planområdet er vurdert for tiltak i sikkerheitsklasse S3. Reell fare for skred er avklart og tryggleiken dokumentert i planforslaget. Rapporten ligg som vedlegg til saken.

For meir utgreiing om tema skred, sjå punkt ovanfor i planskildringa.

Flaum:

Alle arealføremål som tillét bygg vil bli liggjande utanfor flaumsona. Som NVE nemner er det kunn deler av den eine åtkomsten som ligg innanfor aktsemdsområde for flaum. Det er gjort ei konkret vurdering av flaumfare, ved hjelp av prosedyre 1 i NVEs rettleiar:

Trinn 1 – undersøk om flaumfaren i tiltaksområdet er kartlagt tidlegare:
Me har ikkje funnet tidlegare kartleggingar.

Trinn 2 – undersøk om tiltaksområdet ligg innanfor NVEs aktsemdskart for flaum:
Planområdet ligg innanfor aktsemdsområdet, men alle bygg ligg utanfor. Tiltaka i planen er i sikkerheitsklasse F1 og F2. Byggetiltaka ligg utanfor aktsemdsområdet. Kartet utelukker flaumfaren for nye og eksisterande bygg i planområdet.


Trinn 3 – undersøk om tiltaket ligg utanfor soner for erosjon gitt i rettleiinga til TEK17 7-2 fjerde ledd:
Terrasseskråninga ligg stort sett mellom 1 og 3 meter over normalvasstand. Ein ser då på minimumsverdien for sikkerheitssone, som er 20m. Nye og eksisterande bygg har ein avstand på over 100 m til elva. Erosjonsfaren kan derfor utelukkast.

Knut Hovden

Innspel datert 01.11.2023

Me er eigar 68/64, dotter mi og sambuar 68/7, 91. Me ønskjer å kjøpa 1-2 mål sjå vedlagt kart med formål bustadbygging. Huset vil bli eit lågt hus frå Hellvikhus på ca. 140 m² i grunnflate. Den eldste dotter vår skal overta eigedommen vår og me ønskjer å byggja oss eit hus i nærleiken, men å få byggja på dyrka mark er vanskeleg å få løyve til. Me ønskjer av den grunn kjøpa tilbake eit par mål som tidlegare hørde til min dotters og sambuars eigedom. Området me ønskjer å kjøpa er ikkje dyrka markar og består for det meste av steinrøys, det er nedfor saga og Setesdalsbyggningsvernssenter. Ein vil ikkje kunna sjå huset frå museet eller stavkyrkja. Håpar på positiv respons.

Figur 51 Raudt område viser areal som dei ønskjer å kjøpe



Kommentar frå Valle kommune:

Me er einige i at verknadane vil bli forholdsvis små frå museet og stavkyrkja. Området kan samstundes bli ein del av åtkomsten frå parkeringsplassen ved ungdomshuset, og i den forbindelse vere viktig å

bevare som grøntareal. Området er også ein del av Bjugsbakk, som ein i størst mogleg grad ynskjer å bevare som kulturbeite. På bakgrunn av dette er det velt å ikkje fremja eit planforslag med bustadtomt i området.

5.3. Medverking

Det har vore tett medverknad med Setesdalsmuseet, Setesdal Bygningsvernssenter og Setesdal Stavkyrkje . Utover dette har det ikkje vert helt offentlege møter eller liknande. Dette då planane om Stavkyrkja er god kjent, og ein ikkje har sett motstand mot tiltaket. Politikerane har også vedteke å gjennomføre planarbeidet.

6. FORSLAGSSTILLARS VURDERING AV PLANFORSLAGET

Hovudformålet med planforslaget er å leggje til rette for etablering av stavkyrkje, og at området kan fortsetje å utvikla seg som ein arena for formidling av kultur og kulturhistorie på Rysstad og Setesdalen elles.

Planforslaget sikrar moglegheit for vidareutvikling for eksisterande verksemder som skapar og formidlar kulturhistorie. Både Setesdalsmuseet og Setesdal bygningsvernssenteret har planar om utviding. Samstundes legg planforslaget opp til nye tiltak som ei ny stavkyrkje og moglegheit for oppføring av bygningar som har som føremål å formidla kulturhistorie og historisk byggjeskikk.

Det har i planarbeidet vore viktig å finna ein god balanse mellom moglegheiter for vidare utvikling, samstundes som det gjerast i harmoni med kulturhistoriske verdiar i området. Kommunen meiner ein i planforslaget har klart å komma fram til ein slik balanse ved å dela inn området i fleire soner, med ulik grad av fleksibilitet.

Planen sikrar kulturverdiane innanfor området, samstundes som den gir rom for vidareutvikling av eksisterande verksemder som skapar og formidlar kulturhistorie.

7. VEDLEGG

- Plankart
- Reguleringsføresegner
- ROS – analyse
- Skredrapport